

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 17/8952-1

## **Skriv og melding 28. november 2017 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

### **Tilråding til vedtak:**

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak

### **Vedlegg:**

Høyringsinnspel til dokumentet mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021

Høyringsuttale til handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021

Saksprotokoll frå hovudutval for samferdsle – rutetilbodet 2018

Retningslinjer serviceskyssen i Sogn og Fjordane

Retningslinjer TT- ordninga i Sogn og Fjordane

### **Meldesak 1) Uttale frå fylkesrådet til mål- og strategidokumentet for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har sende 24. oktober 2017, høyringsinnspel til opplæringsavdelinga til dokumentet om mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021. Sjå vedlegg for detaljar i høyringsinnspelet.

### **Meldesak 2) Uttale frå fylkesrådet til handlingsplan for trafikktrygging**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sende 2. november høyringsuttale til dokumentet handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021. Sjå vedlegg for detaljar i høyringsuttalen.

### **Meldesak 3) Oppsummering frå landskonferansen i Stavanger 31. oktober – 1. november 2017**

Dei som deltok på landskonferansen i Stavanger, for fylkesråda for menneske med nedsett funksjonsevne, tek ei kort oppsummering og informerer resten av fylkesrådet om tema som var oppe på konferansen.

### **Meldesak 4) Plan for barn og unge med nedsett funksjonsevne i Gloppen kommune**

Bente informerer fylkesrådet om planen i Gloppen kommune.

### **Meldesak 5) Rutekjøp og rutetilbod i 2018**

Hovudutval for samferdsle vedtok i møte 24. oktober rutetilbod for 2018. Rutekjøpssaka omhandla mellom anna:

- Innspel frå kommunar og andre interesserte
- Administrative endringar
- Vidareutvikling av kollektivtilbodet
- Takst for ferje, båt og buss i 2018

For å få ei fullstendig oversikt over saka kan de gå inn på Sogn og Fjordane fylkeskommune sine nettsider og lese saka. Saksprotokollen finn de som vedlegg i dette saksframlegget.

#### **Meldesak 6) Nye retningslinjer for serviceskyss og TT-ordninga i Sogn og Fjordane**

Hovudutval for samferdsle vedtok i møte 24. oktober 2017 nye retningslinjer for både serviceskyssen i Sogn og Fjordane, og TT-ordninga i Sogn og Fjordane. Dei nye retningslinjene er gjeldande frå 1. januar 2018.

I løpet av veke 49 og 50 skal samferdsleavdelinga ha møte med dei tilsette i kommunane som jobbar med desse to ordningane, for å informere og få til eit tettare samarbeid med kommunane om desse to ordninga.

Oppdaterte retningslinjer for serviceskyss og TT-ordninga finn de som vedlegg i dette saksframlegget

#### **Meldesak 7) Ymse**